



## BUSTADBYGGING

**Stadig fleire ønskjer å byggje miljøvennleg. Kommunen må skaffe seg kompetanse og styrke bygningskontrollen for å kunne rådgi publikum for val av miljø- og energisparande løysingar.**

Kommunen bør årleg utvikle minst 25 einbustadtomter i kommunen. Tempoet i bustadbygginga kan føregå i eit samspel mellom kommunal og privat regi. Venstre vil sikre at infrastruktur som barnehage og skole kjem på plass i rett tid.

Dirdal og Oltedal skolekrinsar må få del i folkeauken i kommunen slik at krinsane kan oppretthalde og auke elevgrunnet for ein god og levedyktig skole.

Eigedomsskatten i Gjesdal er tung å administrere og bør avviklast



## SOSIALPOLITIKK

**Alle eldre skal oppleve at kommunen har eit trygt og godt tilbod. Difor vil Venstre styrka heimhjelp, heimesjukepleie og tilbodet til demente. Sjukeheim-tilbodet må være slik at det er plassar til dei som treng det.**

Kjerneoppgåver innan pleie og omsorg skal gjennomførast av kommunen sjølv.

Venstre vil arbeide for at psykisk sjuke får eit godt tilbod.

Venstre vil ta initiativ til at opnings- og skjenketider vert samordna mellom kommunane på Jæren. Innskrenking av skjenketidene er ei målsetning for Venstre.

Venstre vil gå inn for at kommunen, saman med frivillige organisasjonar, skal etablere eit pårørandesenter i samarbeid med dei andre kommunane på Jæren.



## OFFENTLEG ADMINISTRASJON

**Lokaldemokrati skal gjelde for heile kommunen. Venstre meiner at ordføraren skal ha kontortid på faste dagar både i Dirdal og Oltedal.**

Nye innbyggjarar er ressurspersonar som er velkomne til Gjesdal. Tilflyttarar til kommunen skal difor bli inviterte til eit uformelt informasjonsmøte med ordførar og etatsleiarar.

Gjesdal er ein språknøytral kommune. Administrasjonen skal ta omsyn til dette og nytte både bokmål og nynorsk.



**1. Knut Inge Andersen**  
Framgang for heile Gjesdal. Vi vil legge til rette for vekst ved å fjerne eigedomsskatten, utvikle tomter og ta ekstra godt imot tilflyttarar. Ordføraren må få kontortid også i Oltedal og Dirdal. Eg ønskjer

å få fortgang i planane om Gjesdal VGS og tog/bybane.



**2. Dag Tveit**  
Gjesdal er moden for "Markaplaner". Friluftsliv er viktig som kilde til rekreasjon, helse og trivsel. Jeg mener at tilgjengelighet må sikres med forpliktende planer. Planene bør ha en klar miljøprofil, for å

hindre mange isolert sett ubetydelige inngrep i våre omgivelser.



**3. Margunn L. Øygarden**  
"Et levende sentrum" på Ålgård. Ålgård trenger "et levende sentrum" med ulike arenaer for store grupper og enkeltpersoner. Torget må gi muligheter for trivsel, samhold og utfoldelse for alle eldre hele dagen.

Jeg mener at Ålgårds nye kirke bør ligge her!



**4. Hilde Hjertvik**  
Et ungdomssenter på Ålgård. Det må opprettes et ungdommens aktivitetssenter. Ungdommen trenger et åpent og uformelt møtested der den kan ha ulike aktiviteter. Jeg mener at andre etasje på Veveriet kan være et

passende lokale.



**5. Sigrun Peerstøe-Kotthaus**  
Vi må ta ansvar for klimaet/miljøet. Miljøvurdering må bli en hovedsak ved alle spørsmål i kommunen. Klimaendringer er en menneskeskapt trussel. Forvaltning og drifting av offentlige bygg i Gjesdal må utføres et-

ter de mest energisparende og miljøvennlige metoder.



**6. Kari Foust**  
En trygg alderdom. Vi må sørge for at eldre i Gjesdal får en god alderdom med aktivitet og nødvendig omsorg. Også andre som lett faller utenfor i samfunnet, må bli godt ivaretatt. Gode vilkår for

idretten og frivillige lag gir mye tilbake til samfunnet vårt.

## VENSTRE SIN VISJON:


Eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn der folk har friidom, der det er muleg å skapa sin egen veg til det gode liv og me tar ansvar for kvarandre og miljøet

### GRUNNLAGET FOR VENSTRE SIN POLITIKK:

me set mennesket i sentrum og byggjer vår politikk på dei kristne og humanistiske grunnverdiane me er overtydde om at mennesket i samfunnet har eit ansvar for både seg sjølv og andre menneske me tar avstand frå eit samfunn det det alltid er den sterkaste - og dei sterkaste gruppene - som får sin rett me vil kjempa for retten menneske skal ha til å forma sitt eige liv, retten til å verta respektert, retten til å velja og retten til å stå for noko me er eit parti uavhengig av interesseorganisasjonar og interessegrupper me vil prioritera høgast at barn føler seg trygge og at sjuke uansett alder får hjelp me ønskjer eit samfunn med tryggare trafikk, betre energiøkonomisering og mindre forureining me vil forvalta natur- og miljøressursar til beste for denne og komande generasjonar me vil at det frivillige lagsarbeidet skal vera berebjetken i kulturarbeidet me vil kjempa for friidom, likeverd, toleranse og rettferd



Gjesdal Venstre  
gjesdal@venstre.no  
www.venstre.no/rogaland/gjesdal



# Program 2007 - 2011 Gjesdal Venstre

# VENSTRE STÅR FOR: SMÅ OG MELLOMSTORE VERKSEMDER - MILJØ - SKULE - KULTUR - SOSIALT ANSVAR

## MILJØ:

Miljøtrusslar er vår tids største utfordring. Venstre vil gjere Gjesdal til ein foregangskommune i miljøspørsmål og fremme konkrete saker som vil vise igjen i forbetra miljø:

Kommunen må lage ein oppdatert klimaplan som inkluderer energi-økonomisering. Venstre vil pålegge kommunen å redusere det samla energiforbruket i kommunale bygg med 10% innan 2009.

Venstre vil at det i kommunale bygg skal brukast materiale som er miljøvennlege (Svanemerka) og at miljøkvalitet vert eige evalueringskriterium ved innkjøp av kommunale varer og tenester.

Kommunen må aktivt leggje til rette for produksjon og bruk av alternativ energi som vindkraft, soloppvarming, varmepumpe og biogass. I nye kommunale bygg vil Venstre ha vassboren varme frå miljøvennlege energikjelder.



## KULTUR

Venstre vil satse på Biblioteket som kunnskaps- og kulturformidlar. Venstre ønskjer at andre etasje i Veveriet blir eit ungdommens aktivitetssenter.

Venstre vil auke kapasiteten på Kulturskolen slik at alle som søker, skal få plass frå hausten 2009.

Frivillig lagsarbeid er ein berebjelke i kulturarbeidet i kommunen. Venstre vil av den grunn stø opp om frivillige lag/foreningar og gjeninnføre dei kommunale stønadsordningane som vart fjerna i 2003.

Venstre vil gå inn for å etablere ein småjobbsentral for ungdom etter mønster frå Frivillighetssentralen.

Venstre ønskjer eit fleirkulturelt integrert samfunn prega av toleranse og respekt.

Sentrumsutbygging og sentrumsutvikling skal sikre eit mangfald av tilbud og aktivitetar. Ny kyrkje på Ålgård må liggje innan nåverande sentrumsplan.



## FRILUFTSLIV:

Venstre vil oppretthalde og vidareutvikle det gode samarbeidet med Jæren Friluftsråd.

Venstre vil støtte Aksjon Jærvassdrag inntil miljømål om "badevass- kvalitet" i alle vassdrag er nådd. Figgjovassdraget er ein del av dette.

Venstre vil at Gjesdal skal halde fram med sitt engasjement som Frisk i Friluft kommune.

Venstre vil leggje til rette for aktivt friluftsliv gjennom turløyper og nærmiljøanlegg. Det same gjeld ikkje-motorisert friluftaktivitet i tilknytning til Edlandsvatnet og Limavatnet slik at publikum kan



## SKULE OG UTDANNING:

Gjesdal må få eigen vidaregåande skole. Skolen bør liggje sentralt på Ålgård for å sikre effektiv tilgang til kollektive transportløyningar.

Kommunen må stimulere ungdom frå heile Gjesdal til å gå på vidaregåande skole. Gjesdal Venstre vil gå inn for at kommunen finansierer ungdomskort for elevar på vidaregåande skole frå og med skoleåret 2008/2009.

Førskolelærarane og lærarane er den viktigaste ressursen i barnehage og skole. Venstre vil gå inn for tiltak som auka løn/stipend og lønna utdanningspermisjonar for å rekruttere og halde på fagpersonale.

Venstre ønskjer å auke vaksenttleiken i barnehage og skole.



## NÆRING:

Både etablerte og nye verksemdar må få gode kommunale rammevilkår. Oltedal skal særleg sikrast gode tilhøve for vekst der ein legg til grunn Oltedal sin rolle som merkevareindustri for Gjesdal.

Venstre vil at kommunen skal leggje til rette for små og mellomstore bedrifter. Mindre, nystarta verksemdar skal finne det attraktivt å etablere seg i heile kommunen, ikkje berre på Ålgård.



## TRAFIKK:

Venstre vil prioritere kollektivtrafikk med buss og bane framfor tunge vegprosjekt. Ålgård-banen bør vere attende i drift innan 2015, som ein del av bybanesatsinga. Skal E39 utvidast, må det først byggjast kollektivfelt.

Tungtrafikk må leggjast utanom bustadområde. Dersom det vert bygd tverrsamband mellom Jæren og E39 gjennom Ålgård må bustadområde skjermast med tunnel / kulvert.

STEM VENSTRE, OG FRAMTIDA KAN VERTA EI REIN FORNØYING